

5992 Ostereidet, 13/2 2017

Til

Kulbis- og idrettsavd.
Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900 5020 Bergen



Oreintering vedrørende restaurering av rutebil modell 1929 (prosjekt CH 29)

Ein syner til tidlegare kontakt, og takkar på ny for tilskot i 2016.
Til orientering oversender me utskrift av referat frå nyleg årsmøte, inkludert rekneskap og aktivitetsoversyn.


Som det går fram har arbeidet hatt god framgang. I tillegg har vi fått stilt omfattande ressursar til fri disposisjon. Dette gjer at vi pr. dato har ein tilfredsstillande økonomisk situasjon. Arbeidsgruppa har no sjølv det alt vesentlege av kompetansen som trengst til arbeidet vi har planlagt å gjennomføra i inneverande år.

Difor er det førebels ikkje aktuelt å søkja om nye tilskot. Når arbeidet med karosseri, innreiing og klargjering seinare i år er kome godt i gang, og me får fullt oversyn over det som står att, kan det henda at vidare effektiv framdrift vil verta meir avhengig av tilgjengelege tilskot.

Når den tid er inne, kan det henda at me kjem attende til dette. Slik stoda no er, er det arbeidsinnsats og det gode samarbeidet som styrer framdrifta.

Venleg helsing


Alf Angelskår
leiar


Vidar Lehmann
økonomiansvarleg